



Sissel og sonen Thomas Bjørkmann frå Sund nyter påska på Rabben der dei har feriert i 20 år.

Det er skikkeleg påskestemning også på Rabben Feriesenter med over 100 overnattande gjester utan at verten Steinar Myklebust har noko eksakt oversikt over belegget. Gjestene kjem i stor grad frå Nord-Hordaland og verten reknar med at den store trafikken varar ut påska.



Det er tett med bubilar på Rabben om dagen

Belegget er så stort at Myklebust ikkje kan ta imot fleire på grunn av begrensa kapasitet med omsyn til strøm og toalett.

Sist natt var det over 30 bubilar i området.

Rabben har 7 store hytter med dusj og toalett og i tillegg kjem dei faste som har spikertelt og campingvognar.

Det er berre nordmenn som er der i påska, med unntak av ein tyskar.

Ei ny, stor hytte med 3 soverom er no under byggjing

på Rabben. Ein svært trufast gjest frå Haugesund, Torleif Lien, står bak 'prosjektet' men han leiger tomte for ein 10-årsperiode av Myklebust.

Rabben-verten planlegg også byggjing av 2 storhytter i 'eigen regi'

Men uansett utbyggjingsplanane er Rabben-verten svært betenkt over utviklinga og det siste som har gjort han betenkt er vilkåret frå kommunen om at det skal gjennomførast ei vurdering av flaumfaren og da framfor alt moglegheitene for ein 200-årsflaum. Vurderinga skal skje før det vert gjeve løyve til byggjetiltak, heiter det.

- Konsulenten min antyder at ein slik vurdering kan komma til å kosta meg 100.000-150.000 kroner. Bli eg pålagt noko slikt kuttar eg ut den vanlege drifta og plasserer faste campingvognar på området, seier Myklebust. Og eg lyt bemerka at hvis det kjem ein slik flaum, er det over og ut både for heile Uskedalen og andre dalar, seier Rabben-verten

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Trafikken har teke seg kraftig opp både til lands og til vanns det siste døgnet.